



## STATENS UTDANNINGSKONTOR I ROGALAND

### TILBAKEMELDING ETTER KOMMUNEBESØK I SOKNDAL

06.02.2001

#### INNLEIING

Statens utdanningskontor var på kommunebesøk i Sokndal kommune 06.02.01.

Utdanningskontoret sitt føremål med slike besøk er å fremje dialog og kontakt og å få konkret kunnskap om skolesituasjonen i kommunen. Med utgangspunkt i ny opplæringslov og arbeidet med innføringa av L97 vart det fokusert på utviklingsarbeid og praksisendringar i klasserommet, særleg på ungdomssteget. Sokndal kommune planla programmet saman med utdanningsdirektøren, og kommunen sende inn relevante dokument før besøket. Sokndal kommune hadde gjort eit godt førearbeid.

Ved kommunebesøket i Sokndal deltok følgjande frå kommunen: ordførar Gudmund Holmen, rådmann Jostein Størdal, skole- og kultursjef Bernt Selvikvåg, nestleiar skole- og kulturkontoret Øystein Løvø, leiar PPT Jon-Geir Bauge, rektor ved Hauge skole Karluf Ask, rektor ved Sokndal ungdomsskole Bjørn Hultman, hovudtillitsvald for Norsk Lærarlag i Sokndal Karen Arnø Grastveit, hovudtillitsvald for Lærarforbundet i Sokndal Turi Hultman; elevrådsleiar ved Sokndal ungdomsskole Christoffer Haaland, klassetillitsvalde Silje Hennø og Kristin Stene, leiar for FAU Anne Barstad, leiar i samarbeidsutvalet ved Sokndal ungdomsskole Bess Grastveit.

Frå utdanningskontoret deltok utdanningsdirektør Sigmund Sunnanå og rådgjevarane Audun Gjerde og Knut Underbakke.

Rapporten er skriven med utgangspunkt i kommunebesøket, innsende dokument og annan kontakt mellom utdanningskontoret og Sokndal kommune.

#### KVALITETSUTVIKLING OG KVALITETSVURDERING

##### **Elevbedrift:**

Besøket starta på elevbedrifta *Kaffibaren* der vi fekk servert god frukost og kaffi. Det er elevane som driv *Kaffibaren* og alle "stillingane" er utlyste på skolen. 11 elevar driv *Kaffibaren* i dag, der alle har sine faste "stillingar" som dagleg leiar, marknadssjef, innkjøpsjef etc. Det har vore relativt hektisk og ressurskrevjande for Sokndal ungdomsskole å få etablert og få til drift av kafeen. Skolen har fått god hjelp av det lokale næringslivet med etablering og drift. Skolen håpar at *Kaffibaren* etter kvart vil bli noko meir nytta av innbyggjarane i Sokndal.

Utdanningsdirektøren synest elevbedrifta var eit spanande og godt tiltak med tanke på å knytte næringslivet og skolane nærare saman. Dette kan stimulere kreativitet og lyst hos ungdommen til å etablere eiga bedrift etter avslutta utdanning.

Etter besøket på *Kaffibaren* var det besøk på Sokndal ungdomsskole. Her vart det mellom anna orientert om skolens fysiske miljø, satsingsområde for skolen, elev- og foreldremedverknad og Sokndalsmodellen.

### **Det fysiske miljøet:**

Sokndal ungdomsskole er 34 år gamal og ber preg av det. Derfor har kommunen starta rehabilitering av skolen, og målet er at det skal rehabiliterast to klasserom per år. Skolen deler vakstmeister med Hauge skole og barnehagen. Dette gjer det problematisk for skolen å få gjort noko utover ”normalt” vedlikehald. Det er også planar om å oppgradere uteområdet med t.d. benker og bord. Saka har m.a. vore drøfta i elevrådet. FAU er oppteken av at det blir gjort noko med uteområdet.

Skolen er oppteken av problemstillinga og skal m.a. reise til Teinå skole og Tananger ungdomsskole for å sjå korleis desse skolane har lagt til rette for eit godt utemiljø.

Det er passivitet i friminutta. Elevrepresentantane meiner dette har samanheng med at det er lite å ta seg til i uteområdet. Utdanningsdirektøren utfordra elevrådet til å vere initiativtakar m.o.t. aktivitetar i friminutta.

Elevane ved skolen opplevde at regelmengda var vel stor på ungdomsskolen. Skolen er med i ”Vær-røyk-fri” – kampanjen og har få elevar som røykjer.

### **Skolebasert vurdering**

Sokndal kommune er med i *Ekstern deltakelse i lokalt vurderingsarbeid, EDLV*. Målet med prosjektet er å prøve ut ein metode for ekstern deltaking i lokal vurdering som byggjer på erfaringar frå ulike prosjekt i Rogaland.

### **Administrasjonsordning, klassar og elevar**

Skolen har totalt 140 elevar fordelte på to klassar på alle klassestega. Det er totalt 30 tilsette ved skolen. 22 er tilsette i pedagogiske stillingar. Av desse er åtte ufaglærte dette året. Kommunen gjer ein stor innsats for å få rekruttert fleire kvalifiserte lærarar. Tre av dei ufaglærte går på desentralisert lærarutdanning.

Skolen har prøvd ut ei ny administrasjonsordning dette året med nytt leiingsopplegg. Ordninga består av rektor i 80 % (55 % adm. ressurs) og tre inspektørar med 75 % administrasjon. Til saman er det 130 % administrasjon mot 105 % tidlegare. Etter kommunen si vurdering fungerer denne ordninga godt. Det vanlege nå i skolen er å gå bort frå inspektørordninga medan Sokndal utvidar ordninga. Hovudgrunnen til dette er at kommunen i dag berre har to skolar, og at det derfor er viktig å ha avansementstillingar i påvente av ny skole som skal byggjast.

Det er lite samarbeid mellom dei to skolane sjølv om dei ligg vegg i vegg. Det er t.d. ikkje noko forum for erfaringsutveksling, det er få lærarar som underviser på tvers av skolane, og det er elles lite kontakt mellom personalet ved dei to skolane.

Utdanningsdirektøren meiner leiinga ved skolane bør prioritere å få til betre kontakt og samarbeid mellom skolane. Etter utdanningskontoret si vurdering vil eit slikt samarbeid t.d. gjere det lettare å få til overgangen mellom barne- og ungdomssteget. Ein bør også kunne nytte lærarane på tvers av barne- og ungdomssteget, noko som på sikt truleg vil auke kvaliteten på undervisninga.

### **IKT**

IKT har vore eit satsingsområde for kommunen. Kommunen har m.a. sponsa utgiftene for tilsette som tek datakortet. Eignedelen ved desse kursa er dermed redusert til kr 2 000. Ni lærarar har teke kortet og fire er i gang. FAU-leiar og elevrådsleiar er samde om at det må satsast på innføring av IKT som arbeidsreiskap for elevane.

Ungdomsskolen disponerer 52 datamaskiner. Elevrådsrepresentanten meiner at berre 15 av desse maskinane er brukbare, dei andre for gamle. Det er systemansvarlege på kvar skole.

### **Tilpassa opplæring og spesialundervisning**

Kommunen deltar i Samtak. Samtakprogrammet har m.a. ført til betre kontakt mellom skolane og PPT. PPT møter som fast medlem i ressursteamet. Dette opplever både skolen og PPT som positivt.

Ressursteamet er sett saman av dei fire i administrasjonen, rådgjevar og PPT. Ressursteamet møter dei nye klassane i september for å sjå korleis dei fungerer. Elevane blir sette saman til nye klassar når elevane kjem frå barnesteget til ungdomssteget.

Sokndal ungdomsskole har også eit prosjekt som blir kalla Nesvåg-prosjektet. Dette er ein gard der elevar med særskilde behov får høve til å vere med på gardsdrift, restaurering av båtmotorar og båt/sjøverksemd. Elevane som har vore med på prosjektet, har hatt stort utbytte av opphaldet. Skolen nyttar fire timar per veke av rammetilskottet sitt til dette tilbudet.

Det blir brukt store ressursar til spesialundervisning og tilpassa opplæring i Sokndal. Dette må sjåast i samheng med store klassar. Kommunen har tru på at ny skole og miljøendringar vil kunne verke inn på spesialundervisningsbehovet.

### **Møte med politisk og administrativ leiing**

Andre del av besøket var møtet med politisk og administrativ leiing av kommunen.

Skole- og kultursjefen innleia møtet med å orientere om verksemdplanen for 2000-2001.

Følgjande tiltak er gjennomførte :

- Romprogram for ny skole 1.-4. klasseteg er vedteke
- Gjennomføring av rekrutteringsplan
- Vidare utvikling av Nesvåg-prosjektet
- Har starta med opprustinga av ungdomsskolen
- Etablering av elevbedrift
- Utarbeiding av kvalitetsutviklingsplan

Utdanningsdirektøren fekk honnør for det arbeidet som blir lagt ned i å vere "lokomotiv" i skoleutviklingsarbeidet i Rogaland.

Rekrutteringa av lærarar går betre no. Rekrutteringsplanen som m.a. har gitt alle lærarane i Sokndal to lønnssteg ekstra og marknadsføring av Sokndal kommune ved høgskolane, har gitt resultat. Det er kome inn over 20 søknader til ledige lærarstillingar for neste skoleår.

Pedagogisk konsulent gjorde kort greie for planen for kvalitetsutvikling. Her er ei rekkje område der det er mogleg å få til forbetringar. Det blei m.a. vist til at lærarane må få eit større eigarforhold til planen. Planen har pga. manglande forankring i personalet ikkje fått den effekten Sokndal hadde håpa på.

Sokndal kommune har ikkje nytta den nye arbeidstidsavtalen særleg aktivt ennå. Ein ventar m.a. på eit kurs om den nye arbeidstidsavtalen som utdanningskontoret skal arrangere. Kommunen har eit klart syn på at dei moglege innsparingane ikkje skal gå ut over kvaliteten i undervisninga.

Kommunen opplever at det er vanskeleg å få til gode permisjons- og hospiteringsordningar for lærarar i kompetansesamanheng.

Sokndal er ein såkalla omstillingskommune og har mellom anna blinka ut IKT som eit satsingsområde.

Rådmannen er ny i stillinga. Han gjorde greie for at kommuneøkonomien er dårleg og at kommunen har store investeringsutgifter framføre seg. "Driftskostnadene veks snart kommunen over hovudet", seier han.

Ordføraren orienterte om at "breibandsatsing" var eit prioritert område for kommunen og Dalane-regionen. Kommunen må likevel vurdere kostnaden før dei kan ta det endelege steget.

Kommunen har bestemt kvar den nye skolen skal liggje. Det er sett av toalt 20 mill. kr i budsjettet for 2001 og 2002 til denne skolen.

Sokndal kommune har eit eige oppvekstutval som er administrativt samansett. Utvalet arbeidar med saker som gjeld barn og ungdom i Sokndal. Utvalet er samansett av lensmann, helsesøster, sosialleiar, sosiallærer frå Hauge barneskole, rådgivar frå Sokndal ungdomsskole, nestleiar frå barne- og kulturetaten og frå styrarar i barnehagane. Psykiatrisk sjukepleiar og PPT tiltrer etter behov.

Kommunen har systemet for miljøretta helsevern på plass.

## **ØKONOMI OG FORVALTNING**

Utdanningskontoret viste ved hjelp av tal materiale frå GSI og SSB korleis ressursituasjonen for grunnskolane i Sokndal er i høve til nabokommunar og lands- og fylkesgjennomsnittet.

### **Driftsramme**

Statistikken viser at Sokndal kommune sine nettoutgifter til skolesektoren dei siste åra har vore relativt stabil. Sokndal kommune skil seg ut både når det gjeld samla driftsutgifter per elev og lønnsutgifter per elev i forhold til andre kommunar med 2000 til 5000 innbyggjarar. Begge utgiftspostane er mindre enn snittet for landet for kommunar med om lag same storleik.

Når det gjeld samla timeressursramme, ligg Sokndal kommune høgre enn snittet for Rogaland og snittet for landet for inneverande skoleår. Medan årstimane i prosent av minstetimetallet er 194 % for Sokndal, er snittet for Rogaland 180 % og for landet 182 %.

Om lag 5,1 % av elevane i Sokndal får tildelt spesialundervisning ved enkeltvedtak i år. Dette er om lag som gjennomsnittet i Rogaland og litt under snittet i landet. Sokndal toppar statistikken i Rogaland når ein ser på summen av prosentvise tillegg til minstetimetallet til spesialundervisning og delingstimar. Sokndal har også eit særst høgt gjennomsnittleg elevtal per klasse. Desse tala må sjåast i samanheng.

## **UTVIKLINGSOMRÅDE FOR KOMMUNEN**

### **Planarbeid**

Utdanningsdirektøren peika ved førre besøk på at kommunen ikkje hadde eigen plan for vaksenopplæring. Kommunen opplyste at dei er i gang med arbeidet og var m.a. med på arbeidsseminaret som utdanningskontoret hadde i fjor. I denne samanhengen utfordra utdanningsdirektøren Sokndal til å t.d. sjå vaksenopplæring i samanheng med næringsutvikling i kommunen, jf. kompetansereforma. Skole- og kultursjefen opplyste også at det vil bli sett i gang arbeid med å lage ny plan for opplæring av barn, unge og vaksne med særskilte behov.

### **Samarbeidet mellom skolane**

Utdanningskontoret oppmodar leiinga ved skolane til eit tettare samarbeid. Det kan t.d. vere å lage eit forum for erfaringsutveksling, betre utnytting av lærarressursane ved å nytte dei både på barne- og ungdomssteget og felles møte for personalet ved dei to skolane.

### **Foreldrerådsarbeid**

Det har tidlegare ikkje vore noko aktivt FAU ved ungdomsskolen. Noverande FAU har teke initiativ for å få foreldra i tale om kva dei saknar t.d. av informasjon. Utdanningsdirektøren ser positivt på arbeidet med å få aktivisert samarbeidsutvala og foreldreråda ved skolane.

FAU-leiaren var oppteken av å få oversikt over alkoholbruk og rusproblematikk blant dei unge. Elevrepresentantane meinte at dette problemet var mindre no enn tidlegare.

### **Elev- og foreldremedverknad**

Etter utdanningsdirektøren si vurdering bør Sokndal kommune trekkje elevar og foreldre meir inn i planlegginga og arbeidet med utviklinga av skolen. Ein viktig føresetnad for å få til eit samarbeid er at både elevar og foreldre får informasjon og blir utfordra til å bidra med synspunkt i utviklinga av skolen.

## **AVSLUTTANDE KOMMENTARAR**

Statens utdanningskontor takkar Sokndal kommune og Sokndal ungdomsskole og Hauge barneskole for eit verdfullt og vel tilrettelagt besøk.

Stavanger 26.03.01

Sigmund Sunnanå  
utdanningsdirektør

Knut Underbakke